

SAMEIET SKIVEBAKKEN 23  
Skivebakken 23  
5018 BERGEN

Dato: 11.05.2017  
Vår ref.: 2016/9014-79  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

Att. Henriette Munthe-Kaas

## **Bustadhus - Skivebakken 23 - Bergen - Tilskot til vern og vøling av kulturminne 2017 - Underretting om tildeling**

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot til vern og vøling av kulturminne 2017.

Hordaland fylkeskommune, utval for kultur, idrett og regional utvikling handsama saka på møte den 26.04.2017, sak 52/17, og gjorde vedtak om å tildele dykk **kr 20.000,-** i tilskot.

### **Grunngjeving**

For 2017 var det 46 søknader og kr 992.000,- til fordeling. Samla søknadssum var kr 3.646.054,-. Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkjarar slik at nokre fekk avslag medan andre vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria for skjønnsutøving som er fastsett i vedtekne retningsliner for ordninga.

Ved avgjerda av dykkar sak er det lagt til grunn dei opplysningane som går fram av søknaden. Søknaden fyller vilkåra som går fram av dei vedtekne retningslinene for ordninga. Utval for kultur, idrett og regional utvikling har etter ei samla vurdering funne grunnlag for å prioritere dykkar tiltak.

Det er eit omfattande vedlikehald/istandsettingsarbeid som er skildra i søknaden. Dei fylkeskommunale midlane til Vern og vøl skal primært gå til å dekke meirkostnadar som følge av at ein tek vare på antikvariske verdiar. Nokre av tiltaka i søknaden (høvla alkledning og bruk av linoljemaling) fell inn under denne kategorien, men vi kan ikkje imøtekomme heile søknadssummen då det er avgrensa midlar til rådvelde. Vi tilrår støtte..

### **Tidsavgrensing**

Tilskotet gjeld tildelingsåret og det påfølgande år.

### **Utbetaling**

Det utførte arbeidet skal godkjennast av fylkeskonservator for utbetaling. Søkjar må senda oss rekneskapsversikt med kopiar av bilag tilsvarande ein sum minst så stort som tilskotet.

Tilskotsmottakar har ansvar for å kontrollera at utbetalt sum er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

### **Føresetnader for tilskotet**

Vedtaket byggjer på følgjande føresetnader:

- Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med omtalen av føremål, innhald og framdrift samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden (m/vedlegg.)
- Tilskotsmottakar gjennomfører rapportering, leverer rekneskap og medverkar til kontroll som nemnt under.

### Rapportering og kontroll

Tilskotsmottakar skal varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar i høve til søknaden. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Eigar skal rapportera 1. oktober og endeleg rapport må innleverast 15. november. Rapporten skal innehalda:

- Utreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket.
- Rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering
- Dokumentasjon i form av foto e.l.

Administrasjonen kan gje utsetjing frå kravet om frist for innlevering av sluttrapport ved særlege høve.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn.

### Misleghald

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført, skal midlane førast attende til fylkeskommunen.

Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden, kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis.

Dersom tiltaket ikkje let seg gjennomføre innan tidsfristen grunna uføresette tilfelle, som til dømes sjukdom, kan fylkeskommunen overføre pengane til vedkommande kommune. Føresetnaden er at kommunen tek på seg ansvaret for gjennomføringa av prosjektet. Vert prosjektet likevel ikkje gjennomført, skal pengane førast attende til fylkeskommunen.

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg partsinteresse kan klaga på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Klagemynde er Klagenemnda for Hordaland fylkeskommune. Klaga skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klaga må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at De etter forvaltningslova har rett til å gjera Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Vi legg ved skjema **Aksept for vilkår av tilskot** som **må** returnerast Kultur- og idrettsavdelinga seinast **4 veker** etter at dette brevet er motteke.

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Vedlegg:  
Aksept for vilkår av tilskot  
Retningsliner

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*